

## Sak 20-23 Strategi for VØR -orientering om prosessen

### Tilråding til vedtak:

1. Styret tek orienteringa til vitende og ber om at det vert gjennomført ei strategisamling for styret i siste halvdel av august 2023.
2. Styret ber om å få framlagt utkast til strategiplan til styremøtet 26.09.23

### Saksutgreiing:

Det har synt seg å vere eit behov for å utarbeide ny strategi for VØR. Med nytt anlegg på Melsgjerdet er eit stort og langsiktig mål oppnådd, samstundes som nye problemstillingar kjem fram. Nye folk i nye roller medfører også at det er trong for å sette retning og avklare prioriteringane våre.

I sak 29 i 2022 vedtok styret i VØR den noverande planen. Dette er ein kombinert strategi- og kommunikasjonsplan for 2023-26, der det er ein integrert handlingsdel. Planen har stort sett vore årleg rullert.

Det er no igangsett eit arbeid med ein reindyrka strategiplan, der kommunikasjon skal vere ein integrert del. Planen skal gå over fleire år (minst tre), og det er naturleg at det er ein separat handlingsplan som vert rullert årleg.

Det er lagt opp til eit løp der heile organisasjonen vert involvertog får kome med innspel. God forankring er viktig, og i tillegg meiner vi det er viktig å hente innspel frå andre fagmiljø og frå premissleverandørar rundt oss.

Vedlagt ligg ein presentasjon som vart nytta som diskusjonsgrunnlag på samlinga 16.mai (*NB: unnateke offentlegheit*). Det blir gjennomført ei orientering i styremøtet og sett av noko tid til diskusjon og innspel. Vidare oppfølging vert ei styresamling i august og handsaming av eit utkast til strategiplan i styret 26.sept.

Hans Peter Eidseflot

*Dagleg leiar*

Vedlegg:

- Presentasjon frå strategisamling 16.05.2023
- Vedteken strategi- og handlingsplan for VØR 2023-2026